



RADØY KOMMUNE
Austebygd skule og barnehage
5939 Sletta

Referat frå møte i Samarbeidsutvalet/Skulemiljøutvalet ved Austebygd skule og Austebygd barnehage, den 19.11.15.

Til stades på møtet:

Geir Olav Repål (FAU-leiar skulen), *Linn G. Lunde* (FAU-leiar barnehagen),
Linda Angleskår (repr. frå foreldrerådet skulen), *Kenneth Blomvågnes* (nestleiar FAU bhg),
Iren Vestheim Johansen (repr. for dei tilsette i barnehagen),
Liv Vetås (repr. for undervisningspersonalet ved skulen), *Monika Sikora* (foreldrerepr. SFO),
Markus. V. Risnes (repr. for elevrådet), *Sunniva Brekkan* (repr. for elevrådet),
May Britt Vågenes Gjerde (repr. frå kommunen), *Torunn Tolleshaug Hovden* (rektor)

Sak 1. Konstituering av SU/SMU for 15/16

Vedtak: *Geir Olav Repål* vart einstemmig vald til leiar
Linn G. Lunde vart einstemmig vald til nestleiar

Sak 2. Høyring på skule- og barnehagerute for Radøy for 16/17.

Vedtak: *SU* gjekk einstemmig inn for rådmannen sitt framlegg:

- Skuleruta for Radøy 2016/17 vert identisk med framlegget til rute for Bergen, men elevfri dag 12.september vert flytta til 23. juni.
- Barnehageruta for Radøy 2016/17 vert identisk med framlegget til rute for Bergen, men plandagane 12. september og 14. oktober vert flytta til 15. og 16. august.

Sak 3. Godkjenning av Lokal årsplan for 15/16 for Austebygd barnehage.

Vedtak: *Lokal årsplan for 15/16 for Austebygd barnehage* vart einstemmig godkjent

Sak 4. Diverse informasjon.

- a) Skulen er i gang med revisjon og fornying av skulen sin Handlingsplan mot mobbing. Når ein er komt lenger ut i prosessen, vil også FAU/foreldra bli involverte i arbeidet.
Endeleg framlegg vil til slutt bli lagt fram for SMU for godkjenning.
- b) Rektor informerte litt om ei høyring om endringar i barnehageloven - vedrørende barn med særlege behov. Her kan alle interesserte senda eigne innspel gjennom link på nettet. (Høyringsfrist 13.01.16)
Rektor sender ut det aktuelle høyringsbrevet saman med referatet.

Sak 5. Eventuelt andre saker.

Ingen saker her.

Austebygd skule og barnehage, 24.november 2015

Geir Olav Repål
leiar SU/SMU

Torunn Tolleshaug Hovden
skrivar SU/SMU